Kunsthøgskulen på rett spor

Bergen National Academy of the Arts on the Right Track

Nina Malterud / Per Aarvik
Intervjuet av Astri Kamsvåg / Interviewed by Astri Kamsvåg

NINA MALTERUD: professor. Rektor 2002-2010
PER AARVIK: høgskolelektor. Prorektor 2003-2010

Mykje har skjedd på kunsthøgskulen sidan Nina Malterud og Per Aarvik tok over som rektorat og la om til bachelor- og mastergradar. Men framleis er KHiB ein spreidd institusjon som draumer om å samlast under eitt tak. No har den nest minste statlege høgskulen i Noreg ambisjonar om å bli vitskapeleg høgskule.

Merittlista på innsida av omslaget er lang. Nina, tar du verkeleg æra for alt dette?
– Nei, på ingen måte. Det kunsthøgskulen har fått til er forankra i eit iherdig arbeid av alle tilsette på kunsthøgskulen, i eit målretta arbeid i styret og leiinga – og ikkje minst gjennom arbeidet til studentane våre. Ein skal leita ei stund etter ein arbeidsplass med så mange målbevisste og engasjerte kolleger.

Korleis var kunsthøgskulen då du tok til som rektor?
– I 2002 var kunsthøgskulen framleis ein ganske ny institusjon, og kulturforskjellane mellom det tidlegare Vestlandske Kunstakademi og Statens høgskule for kunsthandverk og design var enno til stades. Dette var ikkje berre positivt. I samband med

NINA MALTERUD: Professor. Rector 2002-2010
PER AARVIK: Assistant Professor. Pro-Rector 2003-2010

Many things have happened at the Academy since Nina Malterud and Per Aarvik became rector and pro-rector and moved over to Bachelor's and Master's degrees. Yet KHiB remains a scattered institution that dreams of being brought together under a single roof. Now the second smallest state-run university college in Norway aims to become a specialised university.

That's a long list of achievements on the inside of the book cover. Do you really take the credit for all those things, Nina?
«No, not at all. What the Academy has achieved is the result of the perseverance of our staff and the goal-oriented efforts of the Board and management – not to mention the hard work of all our students. Workplaces with so many determined and dedicated members of staff are few and far between.»

How would you describe the Academy that you took over when you became rector?
«In 2002, the Academy was still quite a new institution, and there were still cultural differences between what

Nina Malterud and Per Aarvik have been rector and pro-rector in a period where KHiB has seen transformation to a more external seeking institution with focus on educational quality, interdisciplinary cooperation and artistic research. Photo: Peter Klasson

arbeidet med kvalitetsreforma fekk vi for alvor på plass ein god dialog mellom avdelingane, noko som mellom anna resulterte i éin felles mastergrad for kunstfaga.

– I tett samarbeid med studentane og dei tilsette heldt vi fram med dette arbeidet. Saman har vi lagt vekt på å skape eit fagmiljø på tvers. Vi har samla staben jamleg for å utvikle ein reell fagleg dialog. Vi ser no at dette har vore konstruktivt – vi oppfattar oss som éin kunsthøgskule, som eitt miljø.

Det er meir enn undervisningsforma som er endra?

– Ganske tidleg i tida mi som rektor la vi eit stort arbeid i å utforme ein ny strategisk plan. Dette arbeidet vart i stor grad gjort saman med styret. For styret var det eit vendepunkt å bli trekt så langt inn i ein slik prosess; styret var ikkje van med å bli brukt på ein slik måte, og vi gjorde eit nybrottsarbeid. Vi formulerte planen med enkle og korte utsegner som peiker på kva som skal vere rettesnora for alt vi gjer. Sidan har vi spegla formuleringane i strategiplanen i arbeidet med forsking, undervisning og utoverretta verksemd. Vi har brukt strategiplanen for å ta avgjerder i viktige saker som budsjett og disponering av personar, rom og tidsressursar.

– I strategiplanen tok vi mål av oss til å vere mykje meir synlege og deltakande i samfunnet rundt oss, både lokalt og internasjonalt. No er vi komne dit at KHiB er ein opplagt samtalepart når Bergen kommune inviterer til høgttenking om kunst og kultur, næring og design, byutvikling og arkitektur. Slik var det ikkje tidlegare. Mange av dei tilsette er stadig involvert i eksterne prosessar, og vi har det felles målet at kunsthøgskulen skal vere ein aktiv deltakar i samfunnet rundt oss.

Kva skal vi med ein kunstnarleg doktorgrad?

– At kunstfaga skulle gjere krav på fordjuping på PhD-nivå, var ein framand tanke til langt ut på nitti-

had been the National Academy of Fine Arts and the Bergen School of Applied Arts. That wasn't entirely a good thing. In conjunction with our work on the quality reform of higher education in Norway, we really managed to start a good dialogue between the departments resulting, amongst other things, in a joint MA in Fine Art.»

«This was all done in close collaboration with students and staff. Together we have aimed to create an interdisciplinary academic community. We have gathered staff regularly to ensure genuine dialogue on academic issues. Today we are reaping the benefits of that – it now feels like we are a single Academy, a single community.»

So it is not just teaching methods that have changed?

«Quite soon after I became rector, we invested a lot of work in drawing up a new strategy plan. A lot of this work was done in collaboration with the Board. For them it was a turning point to be so heavily involved in a process of this nature; they were not accustomed to being used like that, and so we were breaking new ground. We formulated the plan as simple, brief statements setting out the guiding principles for everything we do. The statements in the strategy plan have since then been reflected in our research, teaching and external activities. We have used the strategy plan to make decisions on important matters such as budgets and the allocation of people, rooms and time resources.»

«In the strategy plan we set ourselves the goal of increasing our visibility and presence in society, both locally and internationally. Now we have reached the stage where KHiB is automatically consulted when the City of Bergen wants a public debate on art and culture, business and design, urban development and architecture. That was not the case in the past. Many of our staff are frequently involved in external processes, and our joint goal is for the Academy to

talet. Sterkare forståing for at forsking skjer på ulikt vis innan ulike fag har gjort det mogleg å sette opp nye rom for det kunstnarlege utviklingsarbeidet. Det nasjonale stipendprogrammet for kunstnarleg utviklingsarbeid samlar stipendiatar frå visuell kunst, musikk, film, scenekunst og design. Dei arbeider ved kvar sine institusjonar, men møtes fleire gonger i året til gjensidig kritikk og drøfting av prosjekta. Denne norske modellen for kunstnarleg og designfagleg forsking på doktorgradsnivå har vakt oppsikt internasjonalt sidan etableringa i 2003, fordi det kunstnarlege arbeidet blir vektlagt så sterkt på eigne premissar. Stipendiater som etter tre år får godkjend sluttvurdering av prosjektet sitt, får enno ikkje doktortittelen. Men med tilpassing av programmet til det nye kvalifikasjonsrammeverket, der det allereie er godt rom for kunstnarlege målsetjingar, trur vi det berre er eit spørsmål om tid.

– Kunsthøgskulen tar mål av seg å bli vitskapeleg høgskule. Dei vitskapelege høgskulane i Noreg har sjølv foreslått den engelske benevninga «specialised universities» – og det er klart at kunsthøgskulen høyrer naturleg heime blant høgskulane med eit nasjonalt spesialisert fagleg ansvar, på lik line med for eksempel musikkhøgskulen og arkitektur- og designhøgskulen. Men for å få det til må vi gjennom ein akkrediteringsprosess. I dag er dei to kunsthøgskulane i Noreg definert som høgskular, men i praksis fell vi mellom alle stolar. Ved å bli vitskapeleg høgskule får vi større sjølvråderett når det gjeld fullmakter for utdanning, forsking og forskarutdanning.

– På statsbudsjettet for 2010 kom endeleg ein heilt ny post inn, nemleg ei nasjonal finansieringskjelde for kunstnarleg og designfagleg utviklingsarbeid som eit tillegg til Norges Forskingsråd. Målretta, systematisk arbeid over lang tid saman med Kunsthøgskolen i Oslo og Norges musikkhøgskole har gitt resultat. Vi trur at volumet på finansieringskjelda vil auka til neste år. Vi er svært nøgde med

play an active role in the wider community.»

Why do we need a PhD in art?

«The notion that the arts required study at PhD level was an alien concept until the late 1990s. However, a growing understanding that the nature of research varies between subjects has made it possible to create new frameworks for artistic research. The National Norwegian Artistic Research Fellowship Programme brings together research fellows within the fields of the visual arts, music, film, theatre and design. They all work at different institutions, but meet several times a year to mutually critique and discuss their projects. This Norwegian model for PhD level research in the arts and design has generated international interest since it was established in 2003, on account of its strong emphasis on recognising artistic work on its own terms. Currently, research fellows whose projects are approved at their final assessment do not receive a doctorate. But if we adapt the programme to the new qualifications framework, which already allows a great deal of leeway for artistic goals, we believe that it is only a matter of time before they do.»

«The Academy is also aiming to become a «specialised university.» Clearly we fall into the category of institutions with a national responsibility for a specialist academic field, in the same way as the Norwegian Academy of Music and The Oslo School of Architecture and Design. However, in order to achieve that status, we need to go through an accreditation process. Currently the two academies of the arts in Norway are defined as university colleges, but in practice we don't really fit into any category. Becoming a specialised university would give us greater control over our affairs in terms of teaching, research activities and research training.»

«The 2010 national budget finally included a completely new national source of funding for

at vi har fått midlar som alle institusjonane kan konkurrere om.

Kva med den internasjonale dimensjonen i dette arbeidet?

– Det norske miljøet er for lite til å halde på aleine. KHiB har markert seg på den internasjonale arenaen gjennom å vere ein pådrivar for kunstnarleg og designfagleg utviklingsarbeid og delta aktivt der dette er på dagsorden. Kunsthøgskulen har sjølv initiert det internasjonale prosjektet «Sensuous Knowledge», som starta med ein årleg konferanse i 2004 og som no òg inkluderer ein skriftserie og ein nettstad.[1]

– KHiB oppmuntrar internt til internasjonale partnarskap og referansar både i kunstnarleg utviklingsarbeid og i undervisninga. FoU-komiteen som fordelar prosjekt- og publikasjonsmidler har for tida fem framståande eksterne medlem, fire av desse er frå utlandet. Gjennom dette sikrar vi at prosjekta våre vert sett i ein større samanhang og ikkje opererer for snevert.

Nina, er du skuffa over at kunsthøgskulen ikkje er flytta inn i nytt bygg?

– Skuffa er berre forbokstaven. Dette har vore ein oppskakande prosess. Bergens Tidende kalla saka for ei byggeskandale, og eg må seie meg einig. Verken departement eller Statsbygg sikra framdrifta for resultatet av den ambisiøse konkurransen som Snøhetta vann i 2005. Ressursmessig har dette vore heilt uforsvarleg, og det er kunsthøgskulen som har tapt så langt.

– Statsbygg karakteriserer oss som *ein særs engasjert brukar*, og det vil vi halde fram med å vere så lenge saka er i gang. Nett no er ein ny prosess på gang der vi bearbeider prosjektet og budsjettet.

research in the arts and design, as a supplement to The Research Council of Norway. For a long time we have been working with the Oslo National Academy of the Arts and the Norwegian Academy of Music to achieve this goal, and now our systematic efforts have reaped their reward. We believe that the volume of funding will increase next year. We are very pleased that we have access to funds that all of the institutions can compete for.»

What is the international dimension to this work?

«Alone, the Norwegian academic community is too small. KHiB has made a name for itself on the international stage by promoting research in the arts and design and by playing an active role at events where these questions are on the agenda. The Academy created the international project «Sensuous Knowledge», which started with an annual conference in 2004 and now includes a series of publications and a website.»[1]

«KHiB encourages international collaboration and references both in its research projects and teaching. The R&D committee that allocates funding for projects and publications currently has five leading external members, four of whom are from overseas. This ensures that our projects operate in a wider context, and do not become too narrow.»

Are you disappointed, Nina, that the Academy has not moved into a new building?

«Disappointed is putting it mildly. It has been a harrowing process. The newspaper Bergens Tidende called it a scandal, and I have to agree. Neither the Norwegian Ministry of Education and Research nor Statsbygg has ensured the delivery of the results of the ambitious competition won by Snøhetta in 2005. The resources allocated to the project have been completely inadequate, with the Academy being the loser.»

Gøril Wallin: «Leave both doors open during summer», four part video installation, the MA Degree Show in Fine Art 2010 at Bergen Kunsthall. By staging the security instructions normally performed by air stewardesses, Wallin adds new meaning to the ritual. The actual act of demonstrating the security instructions is based on a certain context to be meaningful; what happens when the artist changes this? The alteration causes ambiguity in the spectator; is there danger present in the new context?

Eit av favorittorda dine dei siste åra, Nina, er *tverrfagleg*. Kvifor er du så opptatt av dette?
– Kunsthøgskulen har arbeidd målretta for å styrke det faglege gjennom tverrfagleg samarbeid. Heile vegen har vi lagt til rette for at høgt kompetente fagpersonar ikkje berre kommuniserer med *sine eigne*, men at kommunikasjonen går føre seg på tvers av dei ulike fagområda. Når ein fagperson vert utsett for blikket til ein frå eit anna fagfelt, må ho eller han forklare seg. Dette er ei bevisstgjerande oppgåve som fremjar kvalitet. I møtet med andre fag vert det

«Statsbygg has described us as a «highly engaged user», and we will continue to be so until the project is completed. Right now there is a new process under way to reconsider the project and its budget.»

Nina, one of your favourite words in recent years has been *interdisciplinary*. Why is that concept so important to you?
«Bergen National Academy of the Arts has worked hard to raise standards through *interdisciplinary* cooperation. Throughout, we have encouraged

særskilt faglege styrka. Felles møtepunkt for dei ulike fagområda har utvikla samansette kompetansar både for dei fagleg tilsette og for studentane. Det tverrfaglege arbeidet ved KHiB er blitt eit kjenneteikn. Samstundes vil vi fokusere meir på å utvikle spisskompetansar framover. Det er inga motsetning i dette.

Rektor har hatt blikket retta mot byggesak og departement, kunstnarleg utviklingsarbeid og mot det internasjonale kunstfeltet. Kor har prorektor Per hatt fokuset sitt?

– Eg har mellom anna hatt fokus både innover i institusjonen mot formidling av undervisning og kvalitetssikring og som pådrivar for ei digital utvikling for alle sider av verksemda til kunsthøgskulen, seier Per.

– Samstundes har eg vore opptatt av å knytte nettverk mot høgare utdanning i design, der eg har delteke i ei rekkje fora, for eksempel i Cumulus og Cirrus. Dette har gitt meg eit innblikk i korleis designutdanning er forma hos konkurrentane våre i Europa, og har gitt meg referansar for vårt eiga arbeid.

– Då eg kom inn som prorektor, var det relativt tette skott mellom dei forskjellige fagområda på kunsthøgskulen. Kvalitetsreforma og dei nye studieplanane opna for at studentane skulle kunne gjere seg nytte av den samla kompetansen ved skulen, og vi oppmuntra til kurs og prosjekt på tvers av fagområda. For å få dette til måtte vi endre formidlingskulturen vår. Før kunne ein henge opp ein lapp på ei tavle, og rekne med at studentane som skulle ha informasjonen, fekk han. Men når vi er spreidd over heile Bergen, må vi ta i bruk nettbaserte verktøy for å formidle informasjonen som studentane treng.

Kvart nytt studentkull har større krav til kvaliteten på den nettbaserte informasjonen. Det er tankevekkjande at KHiB knapt hadde ei nettside i 2002, seier prorektoren.

highly competent experts not only to communicate with their *peers*, but also with those working in other disciplines. When an expert comes under the critical gaze of someone from another discipline, there arises a need to explain her or his work. This helps to increase self-awareness, and thus improve quality. By interacting with other fields, the individual disciplines become stronger. Joint fora that bring the various subject areas together have helped both academic staff and students to develop interdisciplinary competences. KHiB's interdisciplinary approach has become one of our hallmarks. At the same time, we must focus on developing our special expertise as we move forward. There is no contradiction between the two.»

The rector has focused on the building project and the Ministry of Education and Research, on artistic research and on international relations. What has been your focus as pro-rector, Per?

«Part of my focus has been directed at the internal affairs of the Institution, which has involved looking at how we communicate with our students and quality assurance, and I have also been working to move all of the Academy's activities into the digital age», says Per.

«At the same time I have been keen to network with higher education institutions in the field of design, and I have participated in a number of relevant fora, such as Cumulus and Cirrus. This has given me an insight into how design courses are structured at our competitors in Europe, providing me with ideas for our own work.»

«When I became pro-rector, there were relatively closed doors between the various subject areas at the Academy. The quality reform of higher education in Norway and the new study plans made it possible for students to draw on the whole breadth of expertise at our Institution, and we encouraged courses

Per, du har òg vore med og utvikla det nye studiet i praktisk pedagogikk.[2] Kvifor treng KHiB dette studiet?

– I mange år har dette stått i planane til kunsthøgskulen. Finansieringa kom endeleg i 2009, og på uhyre kort tid fekk vi på plass eit heilt nytt studium. Vi samarbeider med Universitetet i Bergen om den generelle pedagogiske delen, men vi set vårt særeiga preg på dette studiet gjennom fagdidaktikken.

– KHiB er den første kunsthøgskulen i Noreg som tilbyr dette studiet for visuelle kunstfag og design. Eg trur vi etter kvart vil sjå ei statusendring for å drive undervisning og formidling. Når profesjonelle kunstnarar og designarar tek hand om undervisninga i formgjevingsfag for barn og unge, vil dette vere verdifullt ikkje berre for elevane i grunnskulen, men også for rekrutteringa til utdanningar som våre. Det vil òg påverke den allmenne innsikta i kunst og design blant den oppvoksande generasjonen.

Kunsthøgskulen har hatt tre avdelingar sidan 1998. Står desse no for fall?

– Då kunsthøgskulen i fjor dykka ned i arbeidet med å leggja om studieplanane for å samsvare med det nye kvalifikasjonsrammeverket, kom det frå mange hald rundt på avdelingane ønske om å gjera noko med heile organiseringa av institusjonen. Strukturen med dei tre faglege avdelingane skal no under lupa med det for auge å skjerpe seg for utfordringar på kunst- og designfeltet i framtida.

– Vi har starta friskt ut og invitert stab og studentar med i ein open prosess, som vi er veldig spente på resultata av. Så lenge tenkeprosessane er uforpliktande, er det lett å vere kreativ. Når vi skal sluttføre diskusjonen om korleis fagstrukturen skal sjå ut for framtida, kan det nok kome fram utfordringar som vil krevje kløkt å hale i land. Det er ganske radikale tankar som har kome fram i dei første møta, og engasjementet er så stort, at vi har

and projects across subject boundaries. In order to achieve this, we needed to change the way in which we communicated with students. In the past we could leave a note on a board, and expect the students who needed the information to get it. But as we are scattered across the whole of Bergen, we have to make use of web-based tools in order to communicate with students.»

«Each year, the new students are more demanding in terms of the quality of web-based information. It is incredible that KHiB barely had a website in 2002», says the pro-rector.

Per, you have also helped to develop the new Practical Pedagogical Education study programme.[2] Why does KHiB need this programme?

«For many years it has been in the Academy's plans. We finally received funding in 2009, and in an incredibly short space of time we managed to set up a completely new programme. We are collaborating with the University of Bergen on the general pedagogical part of the study programme, but we are also putting our unique stamp on the course through the subject didactics.»

«KHiB is the first academy of the arts in Norway to offer this programme for the visual arts and design. I believe that the status of teaching and communicating about art will gradually change. Having professional artists and designers teaching children and young people about art and crafts will not only benefit pupils during their compulsory education, it will also encourage students to sign up to courses such as our ones. It will also improve the general insight into art and design of the coming generations.»

Since 1998, the Academy has had three departments. Have they reached the end of the line?

«Last year, when the Academy looked into redesigning

god tro på at organisasjonen kjem sterkare ut uansett kva konkret resultat prosessen vil føre med seg, seier Nina.

Kva slags rektorat har de lagt vekt på å vere i desse åtte åra?

– Ei prosessorientert arbeidsform i forhold til dei utfordringane vi har møtt på undervegs, har utvikla seg meir og meir. Vi har lagt vekt på å forholde oss tydeleg til dei måla kunsthøgskulen har, både overfor studentane, dei tilsette og for omverda, og halde stø kurs i forhold til strategiplanen. Samstundes kjem det heile tida inn nye utfordringar som vi må ta raskt. Arbeidet i styret har sjølvsagt vore sentralt. Vi har samarbeidd tett med dekanane og med den administrative leiinga ved kunsthøgskulen. Dette har vore nyttig og har hjelpt oss med å dra i same retning. Ei anna sentral oppgåve for rektoratet er å representere kunsthøgskulen på ein god måte i ulike eksterne fora.

Kva slags rektorat meiner de kunsthøgskulen treng i åra framover?

– Leiinga ved KHiB må dei neste åra bruke energi på å sikre balansen mellom det organisatoriske og det faglege. Krava til rapportering og kontrollføring aukar jamt og trutt, og då vert det mindre tid igjen til det reint faglege dersom ein ikkje tar grep. Det nye rektoratet må organisere seg smart slik at hovudfokuset vert på kjerneverksemda vår, nemleg undervisning, kunstnarleg utviklingsarbeid og formidling, òg i framtida.

– KHiB treng eit rektorat som tek utgangspunkt i dei gode kvalitetane institusjonen har, og som er i stand til å utvikle dei vidare og til å skape nye. Eit nytt rektorat vil ha sin eigen måte å arbeide på, og vi håper at dei får alburom til å gjere verva til sine. KHiB treng ei sterk fagleg leiing som er til stades, som er levande engasjert i det fagstaben og studentane til

its study plans to comply with the new qualifications framework, many people at the departments expressed a desire to do something with the whole structure of the Institution. The current structure of three academic departments is now being examined, with a view to meeting the challenges that lie ahead in the field of art and design.»

«We have made a bold start, inviting staff and students to take part in a transparent process, and we are very excited to see what the results will be. As long as the ideas are noncommittal, it is easy to be creative. When finalising our discussions on the future structure of the departments, we are likely to face challenges that will require very careful handling. The first meetings have brought up some fairly radical ideas, and there is so much commitment being shown that we are confident that the organisation will come out of the process stronger, regardless of what the specific results are», says Nina.

What kind of rectorate have you aimed to be for these past eight years?

«We have increasingly developed a process-oriented approach to the challenges we face. We have emphasised sticking clearly to the goals of the Academy, both in relation to students, staff and wider society, and on keeping a steady course based on the strategy plan. At the same time, challenges constantly arise that need to be dealt with swiftly. Naturally the work of the Board has played a key role. We have cooperated closely with the Deans and with the Academy's administrative management. This has helped us all to pull in the same direction. Another key role for the rectorate is to act as a good ambassador for the Academy in various external fora.»

ei kvar tid er opptekne av, og som vil arbeide utover, nasjonalt og internasjonalt. Den nye rektoren og pro-rektoren vil garantert ha med seg ny energi som vil gjere kunsthøgskulen godt.

[1] Søren Kjørup har skreve ein artikkel om *Sensuous Knowledge* på s. 30.
[2] Les meir om PPU på s. 76 og 82.

What kind of rectorate do you think that the Academy will need over the coming years?

«Over the next few years, KHiB's leaders will need to focus hard on maintaining a balance between its organisational and academic tasks. New reporting and auditing requirements keep appearing, which leaves less time for academic issues if you are not careful. It will be a challenge for the new rectorate to keep its main focus on our core activities, which are teaching, artistic research and dissemination.»

«KHiB needs a rectorate that builds on the Institution's good qualities, and is capable of developing them further to create new strengths. The new rectorate will have its own way of working, and we hope that it is given sufficient elbow-room to fulfil its role. KHiB needs an academic leadership with a strong presence that engages itself actively with the issues that are of concern to the academic staff and students at any given time. It must also be willing to interact with the outside world, both in Norway and internationally. The new rector and pro-rector will undoubtedly bring new energy that will be of benefit to the Academy.»

[1] Søren Kjørup has written an article about *Sensuous Knowledge* on p. 30.
[2] Read more about Practical Pedagogical Education on p. 76 and p. 82.